

Med mål om auka tryggleik, eigenmestring, aktivitet og trivsel.



Botolv og Erling i Nærkamp. Foto: Steinar Drægri

Erfaringskonferanse om førebyggjande heimebesøk til eldre

30.mai 2013, Skei hotell

På veg mot å utvikle ein kunnskaps- og erfaringsbasert modell for førebyggjande heimebesøk til eldre.



Erfaringskonferanse om førebyggjande heimebesøk til eldre

Program:

- 10 00 - 10 30 Introduksjon og presentasjon av prosjektet «Førebyggjande heimebesøk» - eit felles prosjekt på Vestlandet v/Marta Strandos, Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane
- 10 30 - 11 30 Overordna perspektiv på førebyggjande heimebesøk v/Helga Katharina Haug, Helsedirektoratet
- 11 30 - 11 50 Beinstrekk
- 11 50 - 12 50 Prosjekt Førebyggjande heimebesøk i Agder v/Berit Westby, Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester i Aust Agder
- 12 50 - 13 00 Trygge lokalsamfunn v/Heidi Ekehaug, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 13 00 - 14 00 Lunsj
- 14 00 - 14 20 Førebyggjande heimebesøk i Balestrand v/Kari Maria Fjærestad, Balestrand kommune
- 14 20 - 14 40 Førebyggjande heimebesøk i Årdal v/Heidi Skeie, Årdal kommune
- 14 40 – 15 00 Frukt og kaffi
- 15 00 – 15 20 Tverrfagleg legemiddelgjennomgang – som del av «Pasientsikkerhetskampanjen – I trygge hender» v/Anne-Margrethe Hjertenes, Utviklingssenter S&Fj
- 15 20 - 15 40 Dialog og innspel
- 15 40 – 16 00 Oppsummering og vegen vidare

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Overordna tematikk for konferansen:

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester i Sogn og Fjordane deltek i eit forskingsprosjekt der målet er å utvikle ein kunnskaps- og erfaringsbasert modell for førebyggjande heimebesøk til eldre. Siktemålet med prosjektet er at førebyggjande heimebesøk skal bidra til betre tryggleik og helse for eldre, at flest mogeleg kommunar skal etablere ordningar med førebyggjande heimebesøk, og at besøka skal bygge på erfaringar og forskingsbasert praksis.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er utnemnd som eit trygt fylke i WHO sitt globale nettverk av Safe Communities. Trygge lokalsamfunn er eit WHO-konsept som vektlegg forankring, systematikk, langsiktigheit og samarbeid på tvers av fagområde og organisatoriske skilje som metode i arbeidet for å førebygge skader og ulykker. Åtte kommunar i fylket har delteke i prosjektet Trygge eldre. Desse har gjort ulike erfaringar med førebyggjande heimebesøk.

I den nye folkehelselova og samhandlingsreforma skal det førebyggjande arbeidet aukast og rettast inn mot alle sektorar. Det primærførebyggjande arbeidet er såleis styrka, og handlar om å halde folk friske og skadefri, for på sikt å bruke mindre ressursar på å behandle sjukdom og skadar. Det handlar om eigenmestring og trivsel for å styrke livskvalitet og helse.

Med denne konferanse legg vi til rette for erfaringsdeling og samarbeid på tvers på vegen mot å utvikle modellar for førebyggjande heimebesøk.

Erfaringskonferanse om førebyggjande heimebesøk til eldre

MÅLGRUPPE

Leiarar og fagtilsette innan helse og omsorg, folkehelsekoordinatorar og andre som har interesse og ansvar for fagfeltet.

PÅMELDING

Bindande påmelding innan 16. mai på Questback:

<https://response.questback.com/sfj/erfaringskonferanse2013/>

Eventuelt:



PRIS

Konferansen er gratis. Deltakarane må dekke opphaldsutgifter og eiga reise. Dagpakke (måltid) kr 350,-.

Ved behov for overnatting må dette bestillast direkte hos [Skei hotel](#)

ARRANGØR OG KONTAKTPERSONAR

Marta Strandos, Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane, tlf.: 41 52 64 16

Leni Klakegg, Flora kommune, tlf.: 924 11 182

Heidi Ekehaug, Sogn og Fjordane fylkeskommune, tlf.: 456 61 994



Foto: Phil and Pam Gradwell/www.flickr.com